




Norsk Tjenestemannslag
Landsforening 103 - Trygdeetaten
For de tilsatte - i tjeneste for brukerne



NTL

Dato: 11.11.05
Vår ref.: 00.10
Vår saksbehandler: Jarle Berge

Transport for funksjonshemma – tilbakemelding

NTL/landsforening 103 vil med dette gi tilbakemelding på rapport frå arbeidsgruppe som har utgreia ulike modellar knytt til transport for funksjonshemma.

Arbeidsgruppa har uttalt seg om 3 transportmodellar:

- 1) Statleg ordning som vil kunne fungere godt for brukarane. Dette vil vere ein modell som byggjer på med ei transportordning styrt av rettar. Arbeidsgruppa er derimot redd for at ei slik ordning kan bli kostnadskrevjande.
- 2) Fylkeskommunal ordning som framhevar nærleiken mellom saksbehandler og brukar som positivt, men at ei budsjettstyrt ordning er negativt.
- 3) Blandingsmodellen er ei kjent ordning for brukarane, men uoversiktleg. Administrativt er fordelene at dette er ei vidareføring av ei etablert arbeidsdeling, men at dette likevel er ei fragmentert ordning.

Vi reknar med at omsynet til brukarane vil vege tyngst når ein skal velje framtidig modell. Vi vurderer derfor den statlege modellen som den beste for brukarane då denne baserer seg på at brukarane har rettar i høve til transport. Dette vil også bety likebehandling av brukarane i heile landet. I tillegg vil denne modellen bli forvalta av ein framtidig arbeids- og velferdsetat som vil bli lokalisert i alle kommunar i landet. Med dette oppnår vi stor nærleik mellom saksbehandler og brukar. Den statlege modellen inneber også ei meir oversiktleg ordning for brukarane der ein får hjelp på eit kontor i høve til alle transportspørsmål. Dersom ein fryktar at denne modellen er kostnadsdrivande så er det i stor grad eit spørsmål om innretninga på regelverket. Transport er likevel ein så viktig føresetnad for eit fullverdig og godt liv for funksjonshemma at kostnadsspørsmål bør vere underordna i høve til val av modell. Transport vil også vere ein viktig føresetnad for å nå delmål 2 i IA-avtalen, få fleire funksjonshemma inn i arbeidslivet. Sidan IA-avtalen vil bli forvalta av den framtidige arbeids- og velferdsetaten vil transportordninga bli eit viktig tiltak i IA-arbeidet.

Med helsing

Jarle Berge (sign.)

Leder:	Anita Busch	Nittedal Trygdekontor, Pb 144, 1483 Skytta	tlf/mob 67059415 / 95043597	anita.busch@trygdeetaten.no
Nestleder:	Jarle Berge	Arbeidslivs. i Hordaland, Pb 7230, 5020 Bergen	tlf/mob 55099869 / 93012320	jarle.berge@trygdeetaten.no
Kasserer:	Mona Engebretsen	Kragerø Trygdekontor, Pb 143, 3791 Kragerø	tlf/mob 35987640 / 90037026	mona.engebretsen@trygdeetaten.no
Sekretær:	Mette Aa. Bjørge	Sula Trygdekontor, Pb 265, 6039 Langevåg	tlf/mob 70198609 / 92040335	mette.bjorge@trygdeetaten.no
Rådgiver:	Jostein Hegli	Østbyen Trygdekontor, Pb 2983 Sluppen, 7438 Tr.heim	tlf/mob 73904709 / 90091261	jostein.hegli@trygdeetaten.no